- I begge retningar skal det tilbydast minst 150 sete måndag–fredag samla og minst 35 sete laurdag–søndag samla.
- Tilbydd setekapasitet skal justerast i samsvar med reglar fastsette av Samferdselsdepartementet i vedlegg A til denne kunngjeringa.

Ruteføring:

- I begge retningar kan kvar av dei påkravde flygingane høgst ha éi mellomlanding. Mellomlandinga kan omfatte flybyte så sant overgangstida ikkje overstig 60 minutt og selskapet står for transporten på heile strekninga til og frå Bergen.

Rutetider:

Det er føresett at det skal takast omsyn til publikumsetterspørselen etter flyreiser.

For dei påkravde flygingane gjeld dessutan måndag–fredag (lokale tider):

- Første landing i Bergen skal vere seinast kl. 11.00 og siste avgang frå Bergen tidlegast kl. 17.30.
- Første avgang frå Bergen skal vere seinast kl. 11.30 og siste avgang frå Ørsta-Volda tidlegast kl. 16.30.

2.16.3 Kategori luftfartøy

Fly registrert for minst 30 passasjerar og med trykkabin skal nyttast på dei påkravde flygingane.

2.17. Fagernes–Oslo v.v.**2.17.1 Minstetal på flygingar, setekapasitet, ruteføring og rutetider**

Krava gjeld året rundt. Det gjeld trafikkplikt i begge retningar alle dagar med unntak av laurdag.

Flygingar:

- Minst to daglege tur-retur-flygingar måndag–fredag og minst éi tur-retur-flyging søndag.

Setekapasitet:

- I begge retningar skal det tilbydast minst 150 sete måndag–fredag samla og minst 15 sete søndag.
- Tilbydd setekapasitet skal justerast i samsvar med reglar fastsette av Samferdselsdepartementet i vedlegg A til denne kunngjeringa.

Ruteføring:

- Dei påkravde flygingane skal vere utan mellomlanding.

Rutetider:

Det skal takast omsyn til publikumsetterspørselen etter flyreiser.

I tillegg gjeld desse krava til dei påkravde flygingane måndag–fredag:

- Første avgang frå Fagernes ikkje seinare enn kl. 09.00.
- Siste avgang frå Oslo ikkje tidlegare enn kl. 15.30.

2.17.2 Kategori luffartøy

Fly registrert for minst 15 passasjerar skal nyttast på dei påkravde flygingane.

2.18. Røros–Oslo v.v.

2.18.1 Minstetal på flygingar, setekapasitet, ruteføring og rutetider

Krava gjeld året rundt. I begge retningar gjeld trafikkplikt dagleg unntatt laurdag.

Flygingar:

- Minst to daglege tur-retur-flygingar måndag–fredag og minst éi tur-retur-flyging søndag.

Setekapasitet:

- I begge retningar skal det tilbydast minst 150 sete måndag–fredag samla og minst 15 sete søndag.
- Tilbydd setekapasitet skal justerast i samsvar med reglar fastsette av Samferdselsdepartementet i vedlegg A til denne kunngjeringa.

Ruteføring:

- Dei påkravde flygingane skal vere utan mellomlanding.

Rutetider:

Det skal takast omsyn til publikumsetterspørselen etter flyreiser.

I tillegg gjeld desse krava til dei påkravde flygingane måndag–fredag:

- Første avgang frå Røros ikkje seinare enn kl. 07.00.
- Siste avgang frå Oslo ikkje tidlegare enn kl. 15.30.

2.18.2 Kategori luffartøy

Fly registrert for minst 15 passasjerar skal nyttast på dei påkravde flygingane.

3. Spesifikasjonar som gjeld for alle ruteområda

3.1 Tekniske og operative krav

Selskapa må spesielt vere merksame på tekniske og operative forhold som gjeld ved lufthamnene. Nærmare informasjon om dette kan ein få frå

Luftfartstilsynet, Postboks 243, 8001 BODØ, tlf. 75 58 50 00

3.2 Takstar

Maksimal normaltakst, fullt fleksibel éin veg (maksimaltaksten), skal i driftsåret som tek til 1. april 2009, ikkje overstige følgjande beløp:

1.	Lakselv–Tromsø	NOK	1226,–
2.	Andenes–Tromsø	NOK	724,–
	Andenes–Bodø	NOK	1520,–
3.	Svolvær–Bodø	NOK	839,–
4.	Leknes–Bodø	NOK	839,–
5.	Røst–Bodø	NOK	839,–
6.	Narvik (Framnes)–Bodø	NOK	1226,–
7.	Brønnøysund–Bodø	NOK	1422,–
	Brønnøysund–Trondheim	NOK	1379,–

8.	Sandnessjøen–Bodø	NOK	1220,-
	Sandnessjøen–Trondheim	NOK	1520,-
9.	Mo i Rana–Bodø	NOK	894,-
	Mo i Rana–Trondheim	NOK	1684,-
10.	Mosjøen–Bodø	NOK	1220,-
	Mosjøen–Trondheim	NOK	1520,-
11.	Namsos–Trondheim	NOK	943,-
	Rørvik–Trondheim	NOK	1199,-
12.	Florø–Oslo	NOK	1722,-
	Florø–Bergen	NOK	1057,-
13.	Førde–Oslo	NOK	1722,-
	Førde–Bergen	NOK	1057,-
14.	Sogndal–Oslo	NOK	1487,-
	Sogndal–Bergen	NOK	1057,-
15.	Sandane–Oslo	NOK	1722,-
	Sandane–Bergen	NOK	1270,-
16.	Ørsta–Volda–Oslo	NOK	1722,-
	Ørsta–Volda–Bergen	NOK	1460,-
17.	Fagernes–Oslo	NOK	844,-
18.	Røros–Oslo	NOK	1880,-

For kvart påfølgjande driftsår skal maksimaltaksten justerast 1. april innanfor ramma av konsumprisindeksen for eittårsperioden som går ut 15. februar same året, som Statistisk sentralbyrå offentliggjør (<http://www.ssb.no>).

Operatøren skal tilby billetter gjennom minst éin eigen salskanal. Operatøren skal selje billettane til ein pris som ikkje overstig maksimaltaksten, gjennom alle sine egne salskanalar.

Maksimaltaksten gjeld òg for billetter som blir selde av andre selskap som operatøren kontrollerer. Operatøren er ansvarleg å sørge for at også slike tilbydarar rettar seg etter maksimaltaksten.

Maksimaltaksten skal vere inkludert alle skattar, avgifter og gebyr til det offentlege og alle andre prispåslag (servicegebyr o.a.) som operatøren legg på prisen i samband med utskriving av billetten.

Operatøren skal delta i dei ordningane for gjennomgangspris innanlands som til kvar tid gjeld, og skal mellom anna tilby alle rabattar som desse ordningane omfattar.

Operatøren skal tilby billetter gjennom eit databasert reservasjonssystem (Computer Reservation System (CRS)).

4. Tilleggskrav ved gjennomføring av anbod

Ved gjennomføring av anbod som avgrensar tilgangen til rutene til eitt selskap, gjeld i tillegg desse føresegnene:

Takstar:

- Alle gjennomgåande takstar til/frå andre flygingar skal tilbydast på like vilkår for alle selskap. Unntak er gjennomgåande takstar til/frå andre flygingar som er utførte av anbudsselskapet, føreset at taksten er høgst 40 % av fullt fleksibel takst.
- Bonuspoeng frå lojalitets-/bonusprogram kan verken tenast opp eller takast ut på flygingane.
- Sosiale rabattar skal ytast i samsvar med retningslinjer publiserte i vedlegg B til denne kunngjeringa.

Vilkår ved overgang:

- Alle vilkåra operatøren har for overgang av passasjerar til og frå andre selskap sine flygingar, mellom anna overgangstider og gjennomgåande innsjekking av billetter og bagasje, skal vere objektive og ikkje-diskriminerande.

5. Erstatning og oppheving av tidlegare forplikningar til offentleg tenesteyting

Desse forplikningane erstattar forplikningane til offentleg tenesteyting som blei kunngjorde i *Den europeiske unions tidende nr. C 166* og *EØS-tillegget nr. 34* den 7. juli 2005.

6. Informasjon

Ytterlegare informasjon kan ein få ved å vende seg til

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO

Telefon 22 24 83 53, telefaks 22 24 56 09

Vedlegg A – Produksjonsjusteringsklausulen

1. Formål med produksjonsjusteringsklausulen

Formålet med produksjonsjusteringsklausulen er å sikre at tilbydd kapasitet i setetal frå operatøren blir justert i tråd med vesentlege endringar i etterspørselen i marknaden. Når passasjertalet aukar og overstig dei etterfølgjande grenseverdiane for faktisk kabinfaktor til kvar tid, her definert som den seteprosenten som til kvar tid er i bruk, skal operatøren auke talet på tilbydde sete. Operatøren kan på same måten redusere talet på tilbydde sete når etterspørselen blir vesentleg redusert. Sjå etterfølgjande spesifikasjon i punkt 3.

2. Periodar for måling av kabinfaktor

Periodane då kabinfaktoren skal overvakast og målast, er høvesvis frå og med 1. januar til og med 30. juni og frå og med 1. august til og med 30. november.

3. Vilkår for endring av tilbydd setekapasitet

3.1. Vilkår for auke i produksjonen

3.1.1. Produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på enkeltstrekningar som inngår i flygingar omfatta av forpliktingane til offentleg tenesteyting, er høgare enn 70 %. Når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på desse strekningane overstig 70 % i periodane som er nemnde i 2, skal operatøren seinast frå og med oppstart av påfølgjande IATA-trafikkessesong auke produksjonen / talet på tilbydde sete med minst 10 % på desse strekningane. Produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast slik at kabinfaktoren ikkje overstig 70 %.

3.1.2. Når produksjonen skal aukast som nemnt ovanfor, kan den nye produksjonen utførast ved bruk av luftfartøy med mindre setekapasitet enn spesifisert i det opphavlege anbudet dersom operatøren føretrekkjer det.

3.2. Vilkår for reduksjon av produksjonen

3.2.1. Produksjonen / talet på tilbydde sete kan reduserast når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på enkeltstrekningar som inngår i flygingar omfatta av forpliktingane til offentleg tenesteyting, er lågare enn 35 %. Når den gjennomsnittlege kabinfaktoren på desse strekningane er under 35 % i periodane som er nemnde i 2, kan operatøren redusere produksjonen / talet på tilbydde sete med inntil 25 % på desse strekningane frå første dag etter at måleperioden er omme.

3.2.2. På strekningar med meir enn to daglege avgangar i kvar retning skal reduksjon i utført produksjon i samsvar med 3.2.1 skje i form av færre avgangar. Unntak frå dette kravet gjeld dersom det blir nytta luftfartøy med større setekapasitet enn det som er spesifisert som minimum i forpliktinga til offentleg tenesteyting; då kan det setjast inn mindre luftfartøy, men ikkje med mindre setekapasitet enn den som er spesifisert som minimum i forpliktinga til offentleg tenesteyting.

3.2.3. På enkeltstrekningar som berre har éin eller to daglege avgangar i kvar retning, kan reduksjon i produksjonen berre skje ved bruk av luftfartøy med mindre setekapasitet enn det som er spesifisert i forpliktinga til offentleg tenesteyting.

4. Prosedyrar ved produksjonsendring

4.1. Samferdselsdepartementet har ansvar for å godkjenne ruteplanen som operatøren foreslår, medrekna endringar i produksjon / tal på tilbydde sete. Sjå Rundskriv N-3/2005 frå Samferdselsdepartementet, som følgjer med anbodsdokumenta.

- 4.2. Dersom produksjonen / talet på tilbydde sete skal reduserast i samsvar med 3.2, skal forslag til nytt ruteprogram sendast dei fylkeskommunane endringa får følgjer for, og desse skal få tid til å uttale seg før endringa blir sett i verk. Dersom det nye forslaget til ruteprogram inneber endringar som går ut over andre krav etter forplikingane til offentlig tenesteyting enn tilbydd flygingstal og setekapasitet, må ruteprogrammet sendast Samferdselsdepartementet for godkjenning.
- 4.3. Når produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast i samsvar med 3.1, skal rutetidene for den nye produksjonen kunne tilrådest både av operatøren og av dei fylkeskommunane endringa får følgjer for.
- 4.4. Dersom produksjonen / talet på tilbydde sete skal aukast i samsvar med 3.1 og operatøren ikkje kjem til semje med dei aktuelle fylkeskommunane om forslaget sitt til rutetider for ny produksjon / nye tilbydde sete i samsvar med 4.3, kan operatøren søkje godkjenning for forslaget sitt til rutetider for ny produksjon / nye tilbydde sete frå Samferdselsdepartementet i samsvar med 4.1. Dette betyr ikkje at operatøren kan søkje godkjenning for forslag til rutetider som ikkje inkluderer den påkravde produksjonsauken. Det må liggje føre vesentlege grunnar for at Samferdselsdepartementet skal kunne godkjenne forslag til rutetider som avvik frå dei relevante fylkeskommunane har kunna tilrå.

5. Uendra økonomisk kompensasjon ved endringar i produksjonen

- 5.1. Den økonomiske kompensasjonen til operatøren blir ståande uendra når produksjonen blir auka i medhald av 3.1.
- 5.2. Den økonomiske kompensasjonen til operatøren blir ståande uendra når produksjonen blir redusert i medhald av 3.2.

Vedlegg B – Føresegner om sosiale rabattar**1.**

På flyruter der Samferdselsdepartementet kjøper tenester etter forpliktingar til offentlig tenesteyting, skal følgjande persongrupper ha krav på sosial rabatt:

- a. Personar som har fylt 67 år på utreisedagen
- b. Blinde som har fylt 16 år
- c. Personar som har fylt 16 år og har uførepensjon i medhald av lov 28. februar 1997 nr. 19 om folketrygd (folketrygdlova) kapittel 12, eller personar som tek imot tilsvarende ytingar frå anna EØS-land
- d. Elevar over 16 år ved spesialskular for høyrshemma
- e. Medfølgjande ektefelle/sambuar utan omsyn til alder, eller ein person som må følgje den som har rett til rabatt etter a)–d). Den som har rett til rabatt, avgjer sjølv behovet for følgje
- f. Personar som ikkje har fylt 16 år på utreisedagen

2.

Sosial rabatt for personar omfatta av punkt 1 skal utgjere 50 % av maksimal normaltakst.

3.

Sosial rabatt skal ikkje ytast dersom reisa blir betalt av Folketrygda eller annan statleg instans.

4.

Vaksen person (over 16 år) skal ha rett til å ta med seg barn under to år gratis så sant barnet ikkje tek opp eit eige sete og barn og vaksen reiser saman.

5.

Ved kjøp av billett kan det krevjast at dei reisande viser følgjande dokumentasjon:

- a. Person som nemnt i punkt 1 bokstav a) må vise identifikasjon med bilete og fødselsdato.
- b. Personar som nemnt i punkt 1 bokstav b) eller c) må vise stadfesting eller tilleggsinformasjon frå Folketrygda eller Noregs Blindeforbund. Passasjerar frå andre EØS-land må vise tilsvarende dokumentasjon frå heimlandet.
- c. Person som nemnt i punkt 1 bokstav d) må vise skulebevis og erklæring frå Folketrygda om rett til grunnstønad eller hjelpestønad eller tilsvarende stønad frå anna EØS-land.

Regionale rutenflygingar i Noreg
Kunngjering av anbodskonkurranse

2008/EØS/59/02

1. Innleiing

Noreg har vedteke å lyse ut nytt anbud på drift av regionale rutenflygingar i Noreg i perioden 1. april 2009 til 31. mars 2012.

Noreg har med verknad frå 1. april 2009 vedteke å endre tidlegare kunngjorde forpliktingar til offentleg tenesteyting på regionale rutenflygingar i Noreg som er pålagde etter artikkel 4 nr. 1 bokstav a) i rådsforordning (EØF) 2408/92 av 23. juli 1992 om EF-luftfartsselskapers adgang til flyruter innanfor Fellesskapet. Dei nye forpliktingane blei kunngjorde 2. oktober 2008 i *Den europeiske unions tidende* nr. C 250 og i *EØS-tillegget* nr. 59/2008.

Har ikkje noko luftfartsselskap innan to månader etter anbudsfristen (jf. punkt 6) dokumentert overfor det norske Samferdselsdepartementet at det frå 1. april 2009 vil starte rutenflygingar i samsvar med dei endra forpliktingane til offentleg tenesteyting for eitt eller fleire av dei ruteområda som er spesifiserte i punkt 2, tildeler Samferdselsdepartementet einerettar til å trafikkere dei aktuelle ruteområda. Slik tildeling må vere i samsvar med reglane i artikkel 4 nr. 1 bokstav d)–h) i rådsforordning (EØF) 2408/92.

Formålet med denne anbodsinnbydinga er å innhente anbud som skal brukast som grunnlag for tildeling av slik einerett.

Nedanfor gjengir vi dei viktigaste delane av dokumentasjonen som blir lagd til grunn for anbodskonkurranse. Den fullstendige anbodsinnbydinga kan lastast ned frå <http://www.regjeringen.no/nb/dep/sd/dok/andre/Anbud>, eller ein kan få henne tilsend gratis ved å ta kontakt med

Samferdselsdepartementet
Postboks 8010 Dep
0030 OSLO
NORWAY

Telefon: (47) 22 24 83 53
Telefaks: (47) 22 24 56 09

Alle anbydarar pliktar å gjere seg kjende med den fullstendige anbodsinnbydinga.

2. Tenestene som anbodskonkurranse omfattar

Innbydinga gjeld rutenflygingar frå 1. april 2009 til 31. mars 2012 i samsvar med forpliktingane til offentleg tenesteyting som nemnt i punkt 1. Desse ruteområda er omfatta av konkurranse:

Ruteområde 1	Lakselv–Tromsø
Ruteområde 2	Andenes–Bodø, Andenes–Tromsø
Ruteområde 3	Svolvær–Bodø
Ruteområde 4	Leknes–Bodø
Ruteområde 5	Røst–Bodø
Ruteområde 6	Narvik (Framnes)–Bodø
Ruteområde 7	Brønnøysund–Bodø, Brønnøysund–Trondheim

Ruteområde 8	Sandnessjøen–Bodø, Sandnessjøen–Trondheim
Ruteområde 9	Mo i Rana–Bodø, Mo i Rana–Trondheim,
Ruteområde 10	Mosjøen–Bodø, Mosjøen–Trondheim
Ruteområde 11	Namsos–Trondheim, Rørvik–Trondheim
Ruteområde 12	Florø–Oslo, Florø–Bergen
Ruteområde 13	Førde–Oslo, Førde–Bergen
Ruteområde 14	Sogndal–Oslo, Sogndal–Bergen
Ruteområde 15	Sandane–Oslo, Sandane–Bergen
Ruteområde 16	Ørsta-Volda–Oslo, Ørsta-Volda–Bergen
Ruteområde 17	Fagernes–Oslo
Ruteområde 18	Røros–Oslo

For ruteområda 1, 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 13, 14, 15, 16, 17 og 18 blir luftfartsselskapa inviterte til å by på tillatne kombinasjonar av anbod, særleg dersom det reduserer det samla kompensasjonsbehovet for ruteområda. Anbydarane pliktar då òg å leggje inn bod på kvart enkelt ruteområde i tilfelle dei berre blir valde for det eine.

Desse kombinasjonane kan tillatast:

Ruteområde 1 Lakselv og 2 Andenes

Ruteområde 3 Svolve og 4 Leknes

Ruteområde 5 Narvik og 6 Røst

Ruteområde 7 Brønnøysund og 8 Sandnessjøen

Ruteområde 9 Mo i Rana og 10 Mosjøen

Ruteområde 14 Sogndal, 15 Sandane og 16 Ørsta-Volda

Ruteområde 13 Førde, viss òg tildelt 14 Sogndal, 15 Sandane og 16 Ørsta-Volda

Ruteområde 17 Fagernes, viss òg tildelt 14 Sogndal, 15 Sandane og 16 Ørsta-Volda

Ruteområde 17 Fagernes og 18 Røros

Dersom anbydarane vil leggje inn bod på tillatne kombinasjonar, må dei likevel leggje ved anbudsbudsjett for kvart enkelt ruteområde. Anbudsbudsjettet skal vise fordelinga av kostnader og inntekter på kvart av anboda som inngår i kombinasjonen, og det skal gå tydeleg fram kva kompensasjon som blir kravd for kvart enkelt anbod.

Dersom eit luftfartsselskap legg inn bod der kravet til kompensasjon er sett til kroner null, skal det forståast slik at selskapet vil drive flyruta med einerett, men utan kompensasjon frå staten.

3. Høve til å levere anbod

Alle luftfartsselskap som har gyldig lisens i samsvar med rådsforordning (EØF) nr. 2407/92 av 23. juli 1992 om lisensar til luftfartsselskap, kan levere anbod.

4. Anbudsprosedyre

Anskaffinga skal gjennomførast i samsvar med artikkel 4 nr. 1 d)–i) i rådsforordning (EØF) nr. 2408/92 og paragraf 4 i forskrift av 15. april 1994 nr. 256 om gjennomføring av anbud i forbindelse med forpliktelse om offentlig tjenesteytelse.

Anskaffinga skal gjennomførast ved open anbodskonkurranse.

Samferdselsdepartementet tek likevel atterhald om rett til å bruke etterfølgjande forhandlingar dersom det etter at anbudsfristen er ute, viser seg å vere berre éin anbydar, eller dersom berre eitt anbud står att etter at andre anbud er avviste. Slike forhandlingar skal vere i samsvar med forpliktingane til offentleg tenesteyting. Det må heller ikkje gjerast andre vesentlege endringar i dei opphavlege kontraktvilkåra under slike forhandlingar. Dersom etterfølgjande forhandlingar ikkje gir ei akseptabel løysing, tek Samferdselsdepartementet atterhald om rett til å avlyse anbodskonkurransen. Det kan i så fall bli utlyst nytt anbud.

Samferdselsdepartementet kan gjennomføre anskaffinga ved konkurranse med forhandling utan føregående kunngjering dersom det ikkje ligg føre anbud. I så fall skal det ikkje gjerast vesentlege endringar i dei opphavlege forpliktingane til offentleg tenesteyting eller i andre kontraktvilkår. Samferdselsdepartementet tek atterhald om rett til å forkaste alle anbud dersom resultatet av konkurransen gir sakleg grunn til det.

Anbydaren pliktar å la anbudet stå ved lag til anbodskonkurransen er avslutta, eller ein anbydar er vald.

5. Anbudet

Anbudet skal utformast i samsvar med krava i konkurransegrunnlaget punkt 5. Mellom anna skal anbudet utformast i samsvar med dei krava som er lista opp i forpliktingane til offentleg tenesteyting.

6. Anbudsfrist og innsending av anbud

Anbudsfristen er måndag 3. november 2008 kl. 15.00 (lokal tid). Anbudet skal vere Samferdselsdepartementet i hende på innleveringsstaden før anbudsfristen går ut. Innleveringsstaden er identisk med adressa som er nemnd i punkt 1.

Anbudet kan anten leverast personleg på adressa til Samferdselsdepartementet som er nemnd i punkt 1, eller sendast med post eller bodteneste.

For seint innkomne anbud blir avviste. Anbud som kjem inn etter at fristen i første ledd er ute, men før anbudsopninga, blir likevel ikkje avviste dersom det går tydeleg fram at sendinga er send så tidleg at ho normalt burde ha vore framme før fristen. Kvittering ved innlevering av sending gjeld som bevis på at sendinga er levert, og *når* ho er levert.

Alle anbud må leverast eller sendast inn i tre – 3 – eksemplar.

7. Tildeling av kontrakt

7.1 For kvart av ruteområda skal kontrakt som hovudregel tildelast det anbudet eller den tillatne kombinasjonen av anbud som har det lågaste kompensasjonskravet for heile kontraktperioden frå 1. april 2009 til 31. mars 2012.

7.2 Dersom det innanfor kombinerte anbud som er tillatne i punkt 2, blir levert anbud der det ikkje krevst kompensasjon, men berre marknadsvern i samsvar med punkt 2, siste avsnitt, skal tildeling, uavhengig av punkt 7.1, skje til slike anbud, og føresegna i punkt 7.1 skal deretter gjerast gjeldande for resterande ruteområde.

7.3 Dersom tildeling ikkje kan skje fordi det ligg føre anbud med identiske kompensasjonskrav, skal kontrakten tildelast det anbudet eller dei kombinasjonane av anbud som tilbyr høgast setetal for heile kontraktperioden.

8. Kontraktperiode

Alle anbudskontraktane gjeld for tidsrommet 1. april 2009 til 31. mars 2012. Kontrakten er uoppseieleg dersom det motsette ikkje følgjer av dei kontraktføresegnene som er refererte i punkt 11.

9. Økonomisk kompensasjon

Operatøren har krav på kompensasjon frå Samferdselsdepartementet i samsvar med anbudsavtalen. Kompensasjonen skal spesifiserast for kvart av dei tre driftsåra og for heile kontraktperioden samla.

For det første driftsåret blir det ikkje gjort justeringar i kompensasjonen.

For det andre og tredje driftsåret skal kompensasjonen omreknast på grunnlag av eit drifts- og kostnadsjustert anbudsbudsjett. Desse justeringane skal vere innanfor ramma av konsumprisindeksen frå Statistisk sentralbyrå for den eittårsperioden som går ut 15. februar same året.

Det blir ikkje gjort endringar i kompensasjonen som følgje av at produksjonsvolumet er justert opp eller ned i medhald av punkt 5.1 andre avsnitt i kontraktvilkåra.

Ein tek atterhald om at Stortinget gjennom dei årlege budsjettbehandlingane stiller dei nødvendige midlane til disposisjon for Samferdselsdepartementet til å dekkje kompensasjonskrava.

Operatøren beheld alle inntekter som trafikktilbodet genererer. Skulle inntektene bli større eller utgiftene mindre enn det som er lagt til grunn i anbudsbudsjettet, får operatøren behalde mellomlegget. Tilsvarande har Samferdselsdepartementet ikkje plikt til å dekkje eit eventuelt dårlegare resultat enn anbudsbudsjettet skulle tilseie.

Alle offentlege avgifter, også luftfartsavgifter, skal betalast av operatøren.

Kompensasjonsbeløpet skal reduserast på grunnlag av det samla talet på flygingar som blir innstilte av grunnar som direkte kan tilskrivast operatøren, dersom talet på flygingar som blir innstilte av slike grunnar, i løpet av eit driftsår overstig 1,5 prosent av det ruteprogrammet som til kvar tid er avtalt.

10. Reforhandling

Dersom det i kontraktperioden skjer vesentlege eller uføresette endringar i føresetnadene som ligg til grunn for kontrakten, kan kvar av partane krevje forhandlingar om revisjon av kontrakten. Slikt revisjonskrav må setjast fram seinast tre månader etter endringa.

Vesentlege endringar i dei avgiftene anbydaren er ansvarleg for, skal alltid gi grunnlag for reforhandling.

Dersom nye krav i lov eller forskrift eller pålegg frå luftfartsstyresmakta fører til at ein landingsplass må brukast på ein annan måte enn operatøren har føresett, skal partane prøve å forhandle fram endringar i kontrakten som gjer at operatøren kan vidareføre drifta i resten av kontraktperioden. Blir ikkje partane einige, har operatøren krav på erstatning etter reglane om nedlegging og stenging (punkt 11), så langt dei passar.

11. Opphøyr av kontrakt som følgje av misleghald eller uventa endringar i vesentlege føresetnader

Med dei avgrensingar som følgjer av preceptorisk insolvenslovgiving, kan Samferdselsdepartementet seie opp kontrakten med omgåande verknad dersom operatøren blir insolvent, innleier gjeldsforhandlingar eller går konkurs. Samferdselsdepartementet kan likeins seie opp kontrakten i dei andre tilfella som er omhandla i § 14 nr. 2 i forskrift av 15. april 1994 nr. 256 om gjennomføring av anbud i forbindelse med forpliktelse om offentlig tjenesteytelse.

Samferdselsdepartementet kan òg seie opp kontrakten med omgåande verknad dersom operatøren mister eller ikkje får fornya lisensen.

Dersom operatøren på grunn av force majeure eller andre forhold som han ikkje rår over, har vore ute av stand til å oppfylle kontraktpliktene sine i meir enn fire av dei seks siste månedane, kan kontrakten seiast opp av begge partar med éin månads skriftleg varsel.

Dersom Stortinget vedtek å leggje ned ein landingsplass, eller dersom ein landingsplass blir stengd som følge av pålegg frå luftfartsstyresmakta, fell dei ordinære kontraktpliktene mellom partane bort frå det tidspunktet landingsplassen faktisk blir lagd ned eller stengd.

Dersom det går meir enn eitt år frå operatøren blir gjort kjend med nedlegginga eller stenginga, til landingsplassen faktisk blir lagd ned eller stengd, har operatøren ikkje krav på erstatning for økonomisk tap han lir som følge av kontraktopphevet. Dersom det nemnde tidsrommet er kortare enn eitt år, har operatøren krav på å bli stilt i same økonomiske situasjon som han hadde vore i om drifta var blitt vidareført i eitt år frå det tidspunktet han blir gjort kjend med nedlegginga eller stenginga, alternativt fram til 31. mars 2012 dersom denne datoen fell tidlegare.

Ved vesentleg misleghald av kontrakten kan motparten heve kontrakten med omgåande verknad.

EF-ORGANER

KOMMISJONEN

Forhåndsmelding om en foretakssammenslutning

2008/EØS/59/03

(Sak COMP/M.5315 – STAK Van der Sluijs Groep/Frisol Beheer/
North Sea Petroleum Holding)

Sak som kan bli behandlet etter forenklet framgangsmåte

1. Kommisjonen mottok 23. september 2008 melding i henhold til artikkel 4 i rådsforordning (EF) nr. 139/2004⁽¹⁾ om en planlagt foretakssammenslutning der de nederlandske foretakene Stichting Administratiekantoor Van der Sluijs Groep Holding ("STAK Van der Sluijs Groep") og Frisol Beheer B.V. ("Frisol Beheer", som tilhører Reggeborgh Groep som i siste instans kontrolleres av D. Wessels) overtar kontroll i henhold til rådsforordningens artikkel 3 nr. 1 bokstav b) over det nederlandske foretaket North Sea Petroleum Holding B.V. ("North Sea Petroleum Holding") ved kjøp av aksjer i et nystiftet fellesforetak.
2. De berørte foretakene har virksomhet på følgende områder:
 - STAK Van der Sluijs Groep: handel med oljeprodukter til bruk på land, dvs. salg som ikke er detaljsalg, transport, drift av depoter og logistikkjenester,
 - Frisol Beheer: handel med oljeprodukter til skip samt bulksalg på spotmarkedet av oljeprodukter og tilknyttede produkter,
 - Reggeborgh Groep: energi, dessuten hovedsakelig aktiviteter i byggebransjen,
 - North Sea Petroleum Holding: kombinerer aktivitetene til STAK Van der Sluijs Groep og Frisol Beheer.
3. Etter en foreløpig undersøkelse finner Kommisjonen at den meldte foretakssammenslutningen kan komme inn under virkeområdet for rådsforordning (EF) nr. 139/2004. Det er imidlertid ikke gjort endelig vedtak på dette punkt. Det gjøres oppmerksom på at denne saken kan bli behandlet etter framgangsmåten fastsatt i kommisjonskunngjøringen om forenklet framgangsmåte for behandling av visse foretakssammenslutninger etter rådsforordning (EF) nr. 139/2004⁽²⁾.
4. Kommisjonen innbyr interesserte parter til å framlegge eventuelle merknader til den planlagte foretakssammenslutningen for Kommisjonen.

Merknadene må være Kommisjonen i hende senest ti dager etter at dette ble offentliggjort i EUT C 250 av 2.10.2008. Merknadene sendes til Kommisjonen per faks (faksnr. +32 (0)2 296 43 01 eller +32 (0)2 296 72 44) eller med post, med referanse COMP/M.5315 – STAK Van der Sluijs Groep/Frisol Beheer/North Sea Petroleum Holding, til følgende adresse:

European Commission
Directorate-General for Competition
Merger Registry
J-70
B-1049 Bruxelles/Brussel

⁽¹⁾ EUT L 24 av 29.1.2004, s. 1.

⁽²⁾ EUT C 56 av 5.3.2005, s. 32.

Forhåndsmelding om en foretakssammenslutning
(Sak COMP/M.5323 – HMC/HAI)

2008/EØS/59/04

Sak som kan bli behandlet etter forenklet framgangsmåte

1. Kommisjonen mottok 19. september 2008 melding i henhold til artikkel 4 i rådsforordning (EF) nr. 139/2004⁽¹⁾ om en planlagt foretakssammenslutning der det koreanske foretaket Hyundai Motor Company ("HMC") overtar kontroll i henhold til rådsforordningens artikkel 3 nr. 1 bokstav b) over hele det italienske foretaket Hyundai Automobili Italia Importazioni S.p.A ("HAI") gjennom bidrag av aktiva til et nystiftet italiensk foretak ("Newco") der aksjekapitalen fullt ut vil være eid av HAI.
2. De berørte foretakene har virksomhet på følgende områder:
 - HMC: global produsent av motorkjøretøyer,
 - HAI: grossist som importerer og distribuerer Hyundais kjøretøyer i Italia.
3. Etter en foreløpig undersøkelse finner Kommisjonen at den meldte foretakssammenslutningen kan komme inn under virkeområdet for rådsforordning (EF) nr. 139/2004. Det er imidlertid ikke gjort endelig vedtak på dette punkt. Det gjøres oppmerksom på at denne saken kan bli behandlet etter framgangsmåten fastsatt i kommisjonskunngjøringen om forenklet framgangsmåte for behandling av visse foretakssammenslutninger etter rådsforordning (EF) nr. 139/2004
4. Kommisjonen innbyr interesserte parter til å framlegge eventuelle merknader til den planlagte foretakssammenslutningen for Kommisjonen.

Merknadene må være Kommisjonen i hende senest ti dager etter at dette ble offentliggjort i EUT C 246 av 27.9.2008. Merknadene sendes til Kommisjonen per faks (faksnr. +32 (0)2 296 43 01 eller +32 (0)2 296 72 44) eller med post, med referanse COMP/M.5323 – HMC/HAI, til følgende adresse:

European Commission
Directorate-General for Competition
Merger Registry
J-70
B-1049 Bruxelles/Brussel

⁽¹⁾ EUT L 24 av 29.1.2004, s. 1.

⁽²⁾ EUT C 56 av 5.3.2005, s. 32.

Forhåndsmelding om en foretakssammenslutning**2008/EØS/59/05****(Sak COMP/M.5326 – PTT Chemical/Sime Darby/JV)****Sak som kan bli behandlet etter forenklet framgangsmåte**

1. Kommisjonen mottok 18. september 2008 melding i henhold til artikkel 4 i rådsforordning (EF) nr. 139/2004⁽¹⁾ om en planlagt foretakssammenslutning der foretakene PTT Chemical Public Company Limited (Thailand) og Sime Darby Plantation BHD (Malaysia, et heleid datterselskap av Sime Darby Berhad Plc. (Malaysia), som i sin tur kontrolleres av Permodalan Nasional Berhad Group (Malaysia), et heleid datterselskap av Yayasan Pelaburan Bumiputra (Malaysia), et statseid foretak begrenset av garanti) i fellesskap overtar kontroll i henhold til rådsforordningens artikkel 3 nr. 1 bokstav b) over det malaysiske foretaket Cognis Oleochemicals SDN, BHD ("JV") ved kjøp av aksjer i et fellesforetak.
2. De berørte foretakene har virksomhet på følgende områder:
 - PTT Chemical Public Company Limited (Thailand): framstilling av koks og raffinerte oljeprodukter, samt andre kjemiske produkter,
 - Sime Darby Plantation BHD (Malaysia): framstilling av andre kjemiske produkter, aktiviteter innen fast eiendom,
 - Sime Darby Berhad Plc. (Malaysia): produksjonsvirksomhet, kjøretøyer, energi og energiforsyning,
 - JV: framstilling av andre organiske basiskjemikalier.
3. Etter en foreløpig undersøkelse finner Kommisjonen at den meldte foretakssammenslutningen kan komme inn under virkeområdet for rådsforordning (EF) nr. 139/2004. Det er imidlertid ikke gjort endelig vedtak på dette punkt. Det gjøres oppmerksom på at denne saken kan bli behandlet etter framgangsmåten fastsatt i kommisjonskunngjøringen om forenklet framgangsmåte for behandling av visse foretakssammenslutninger etter rådsforordning (EF) nr. 139/2004
4. Kommisjonen innbyr interesserte parter til å framlegge eventuelle merknader til den planlagte foretakssammenslutningen for Kommisjonen.

Merknadene må være Kommisjonen i hende senest ti dager etter at dette ble offentliggjort i EUT C 246 av 27.9.2008. Merknadene sendes til Kommisjonen per faks (faksnr. +32 (0)2 296 43 01 eller +32 (0)2 296 72 44) eller med post, med referanse COMP/M.5326 – PTT Chemical/Sime Darby/JV, til følgende adresse:

European Commission
Directorate-General for Competition
Merger Registry
J-70
B-1049 Bruxelles/Brussel

⁽¹⁾ EUT L 24 av 29.1.2004, s. 1.

⁽²⁾ EUT C 56 av 5.3.2005, s. 32.

Forhåndsmelding om en foretakssammenslutning
(Sak COMP/M.5334 – Ricoh/Ikon)

2008/EØS/59/06

1. Kommisjonen mottok 19. september 2008 melding i henhold til artikkel 4 i rådsforordning (EF) nr. 139/2004⁽¹⁾ om en planlagt foretakssammenslutning der det japanske foretaket Ricoh Company Ltd. ("Ricoh") gjennom en kontantoverføring inngår en full sammenslåing i henhold til rådsforordningens artikkel 3 nr. 1 bokstav a) med det amerikanske foretaket Ikon Office Solutions, Inc. ("Ikon").
2. De berørte foretakene har virksomhet på følgende områder:
 - Ricoh: produksjon og distribusjon av kontorautomatiseringsprodukter og tilknyttede tjenester,
 - Ikon. distribusjon av kontorautomatiseringsprodukter og tilknyttede tjenester.
3. Etter en foreløpig undersøkelse finner Kommisjonen at den meldte foretakssammenslutningen kan komme inn under virkeområdet for rådsforordning (EF) nr. 139/2004. Det er imidlertid ikke gjort endelig vedtak på dette punkt.
4. Kommisjonen innbyr interesserte parter til å framlegge eventuelle merknader til den planlagte foretakssammenslutningen for Kommisjonen.

Merknadene må være Kommisjonen i hende senest ti dager etter at dette ble offentliggjort i EUT C 246 av 27.9.2008. Merknadene sendes til Kommisjonen per faks (faksnr. +32 (0)2 296 43 01 eller +32 (0)2 296 72 44) eller med post, med referanse COMP/M.5334 – Ricoh/Ikon, til følgende adresse:

European Commission
Directorate-General for Competition
Merger Registry
J-70
B-1049 Bruxelles/Brussel

⁽¹⁾ EUT L 24 av 29.1.2004, s. 1.

Forhåndsmelding om en foretakssammenslutning**2008/EØS/59/07****(Sak COMP/M.5348 – Aegon/Caixa Terrassa/Caixa Terrassa Vida)****Sak som kan bli behandlet etter forenklet framgangsmåte**

1. Kommisjonen mottok 22. september 2008 melding i henhold til artikkel 4 i rådsforordning (EF) nr. 139/2004⁽¹⁾ om en planlagt foretakssammenslutning der foretakene Aegon Spanje ("Aegon Spanje", Spania, kontrollert av Aegon N.V. ("Aegon", Nederland)) og Caixa d'Estalvis de Terrassa ("Caixa Terrassa", Spania) ved kjøp av aksjer i fellesskap overtar kontroll i henhold til rådsforordningens artikkel 3 nr. 1 bokstav b) over det spanske foretaket CaixaTerrassa Vida ("CaixaTerrassa Vida"), som er et heleid datterselskap av Caixa Terrassa.
2. De berørte foretakene har virksomhet på følgende områder:
 - Aegon Spanje: forsikrings- og pensjonsprodukter i Spania,
 - Aegon: forsikrings- og pensjonsprodukter og tilknyttede produkter verden over,
 - Caixa Terrassa: bankdrift og distribusjon av forsikringer i Spania,
 - CaixaTerrassa Vida: livs- og ulykkesforsikringer samt pensjonsprodukter i Spania.
3. Etter en foreløpig undersøkelse finner Kommisjonen at den meldte foretakssammenslutningen kan komme inn under virkeområdet for rådsforordning (EF) nr. 139/2004. Det er imidlertid ikke gjort endelig vedtak på dette punkt. Det gjøres oppmerksom på at denne saken kan bli behandlet etter framgangsmåten fastsatt i kommisjonskunngjøringen om forenklet framgangsmåte for behandling av visse foretakssammenslutninger etter rådsforordning (EF) nr. 139/2004
4. Kommisjonen innbyr interesserte parter til å framlegge eventuelle merknader til den planlagte foretakssammenslutningen for Kommisjonen.

Merknadene må være Kommisjonen i hende senest ti dager etter at dette ble offentliggjort i EUT C 246 av 27.9.2008. Merknadene sendes til Kommisjonen per faks (faksnr. +32 (0)2 296 43 01 eller +32 (0)2 296 72 44) eller med post, med referanse COMP/M.5348 – Aegon/Caixa Terrassa/Caixa Terrassa Vida, til følgende adresse:

European Commission
Directorate-General for Competition
Merger Registry
J-70
B-1049 Bruxelles/Brussel

⁽¹⁾ EUT L 24 av 29.1.2004, s. 1.

⁽²⁾ EUT C 56 av 5.3.2005, s. 32.

Vedtak om å ikke gjøre innsigelse mot en meldt foretakssammenslutning **2008/EØS/59/08**
(Sak COMP/M.5191 – Perstorp/LyondellBasell/Rhodia Diisocyanates Business)

Kommisjonen vedtok 28. august 2008 å ikke gjøre innsigelse mot ovennevnte meldte foretakssammenslutning, og å erklære den forenlig med det felles marked. Vedtaket er gjort på grunnlag av artikkel 6 nr. 1 bokstav b) i rådsforordning (EF) nr. 139/2004. Det foreligger i uavkortet tekst bare på engelsk, og vil bli offentliggjort etter at eventuelle forretningshemmeligheter er fjernet. Vedtaket kan fås:

- på Europa-nettstedet for konkurransesaker, på <http://ec.europa.eu/comm/competition/mergers/cases/>. Dette nettstedet inneholder ulike funksjoner som gjør det lettere å finne et bestemt vedtak, med mulighet for å søke på blant annet foretaksnavn, saksnummer, dato og saksområde,
- i elektronisk form på nettstedet EUR-Lex, under dokumentnummer 32008M5191. EUR-Lex gir tilgang til Det europeiske fellesskaps regelverk på Internett (<http://eur-lex.europa.eu/>).

Vedtak om å ikke gjøre innsigelse mot en meldt foretakssammenslutning **2008/EØS/59/09**
(Sak COMP/M.5221 – Kenwood/JVC/Holdco)

